



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER

Dykkar ref

Vår ref
13/193-1

Dato
22 JAN 2013

Statsbudsjettet 2013 - Kap. 551, post 60 Tilskot til Rogaland fylkeskommune for regional utvikling - Tilskotsbrev. Ramma er fastsett til 34,66 millionar kr.

Tilsegn nr.: 13 313010

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2012–2013) for departementet, Innst. 16 S (2012–2013), og orienteringsbrev av 8. oktober 2012. I dette tilskotsbrevet gjev departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 60 for budsjettåret 2013. Brevet inneheld òg presiseringar av innhaldet i dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

2 Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ynskjer. Regjeringa vil også sikre likeverdige levekår og utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. I 2013 legg regjeringa fram ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken.

Verkemidla under programkategori 13.50 skal medverke til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla som regjeringa har sett, og dei skal i hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å skape verdier og utvikle attraktive regionar for befolkning og næringsliv i alle delar av landet.

Midlane under programkategori 13.50 er spesielt retta mot næringsutvikling og utvikling av lokalsamfunn.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Tiltaka skal fremje ei balansert utvikling mellom by og land. Ein variert arbeidsmarknad i alle delar av landet er naudsynt for å kunne halde oppe busetjingsmønsteret. Dette er ei utfordring i område med små arbeidsmarknader dominerte av næringar med nedgang i sysselsetjinga og med få høve til pendling. Samstundes har mange arbeidsmarknader utanfor dei største byregionane òg ei utfordring knytt til tilgangen på spesialisert arbeidskraft.

Prioriterte grupper

Kvinner, unge og innvandrarar er prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken. Særskilde ordningar for å auke entreprenørskap blant kvinner har gjeve gode resultat. Departementet går inn for at dei tiltaka som er særskilt retta mot kvinner, i større grad inngår i den ordinære programverksemda til Innovasjon Noreg og SIVA. Departementet vil framleis at fylkeskommunane skal setje måltal for kvinndelen innanfor forvaltninga av bedriftsretta midlar og tiltak.

Mykje av folkeveksten i distriktskommunar dei seinare åra skuldast innvandring. Innvandrarar representerer potensial for kommunar som ønskjer å halde på eller auke folketalet og for bedrifter som treng arbeidskraft. Distriktskommunar treng folk til å skape liv og kraft i lokalsamfunna, og bedrifter treng stabile og kompetente arbeidstakarar. I alle typar tilflyttargrupper finst det eit potensial for kommunar som ønskjer å utvikle levande lokalsamfunn.

Målstruktur

Departementet har i Prop. 1 S (2012–2013) sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Strukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på (sjå vedlegg 6).

Fylkeskommunane prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnerskapar, innanfor dei nasjonale arbeidsmåla, rammene og retningslinene for posten.

3 Ramme

Den samla løyvinga på posten, medrekna Interreg, er 1 525,95 millionar kr. Løyvinga inneheld ei rammeoverføring på 53 millionar kr som skal dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar hjå Innovasjon Noreg, sjå nærare omtale i punkt 4.1

Ramma til Rogaland fylkeskommune er fastsett til 34,66 millionar kr.

Ei oversikt over fordelinga til dei einskilde fylkeskommunane og Oslo kommune er gjeven i vedlegg 1.

4 Om bruken av midlane og endringar på post 60

Nytt frå 2013 er ei satsing på næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda og eit tiltak for å styrkje kompetanse og kapasitet i utsette kommunar.

Departementet har registrert at fleire fylkeskommunar løyver relativt mykje midlar til ulike typar reiselivsaktivitetar. Vi minner i denne samanheng om at regjeringa har vedteke ein reiselivsstrategi, og vi oppmodar fylkeskommunane om å innrette verkemiddelbruken sin i tråd med denne strategien.

4.1 Tilhøvet til andre aktørar

Fylkeskommunane har ansvar for å fordele midlar til dei ulike verkemiddelaktørane i sitt eige fylke. Dersom fylkeskommunane delegerer forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentleg heileigde, skal fylkeskommunane gje skriftleg melding til departementet.

Administrasjons- og gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg

I tråd med fastlagde rutinar skal fylkeskommunale løyvingar til Innovasjon Noreg (IN) også dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader. Etter avtale med KS og IN blir midlane overførte direkte frå departementet til selskapet.

For 2013 overfører departementet 53 millionar kr til Innovasjon Noreg over kap. 551, post 60 på vegne av fylkeskommunane.

Basiskostnadene til selskapet blir dekte over Nærings- og handelsdepartementets kap. 2421, post 70. I 2014 skal heile kostnadsmodellen vurderast.

Distriktsretta garantiar

Departementet har opna for at fylkeskommunane kan gje Innovasjon Noreg høve til å stille distriktsretta garantiar. Det gjev Innovasjon Noreg større fleksibilitet i finansieringssaker. Fylkeskommunane avgjer sjølv om ordninga skal nyttast.

4.2 Skjønstildelingane

Kommunale/regionale næringsfond

Departementet vidarefører tildelinga på 225 millionar kr. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Kommunale næringsfond må sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje kommunane som utviklingsaktør. Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk ved at alle midlane går til kommunar eller regionråd.

Regional omstilling

I 2013 blir det skjønstildelt 62 millionar kr til omstilling på kap. 551, post 60. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om særskilde omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn. Både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov må vurderast.

Fylkeskommunane skal rapportere særskilt om den delen av ramma som er nytta til omstillingsutfordringar, jf. vedlegg 4a.

Innovasjon Noreg vil også i 2013 få midlar over kap. 552, post 72. Løyvinga skal også dekkje gjennomføringskostnader, og ramma skal sikre at selskapet kan spele rolla som nasjonalt kompetanseorgan på omstilling overfor fylkeskommunane og kommunane.

Grenseregionalt samarbeid Interreg IV A og ENPI

I 2013 blir det skjønstildelt 71,28 millionar kr til fylkeskommunane som den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i Interreg IVA og Kolarctic ENPI CBC, jf. vedlegg 1.

For 2013 legg departementet til grunn at fordelinga av Interreg-midlane mellom fylkeskommunane blir den same som i 2012. Midlane til det einskilde programmet vil bli overførte direkte til sekretariatsfylka, jf. vedlegg 2.

4.3 Kapasitetsbygging i utsette kommunar til lokalt utviklingsarbeid

I 2013 blir det skjønstildelt 15 millionar kr til styrking av utviklingskapasitet i mindre kommunar på kap. 551, post 60. Tildelinga er basert på innspel og prioritering frå fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal rapportere særskilt på den delen av ramma som er nytta til dette arbeidet, jf. vedlegg 4a.

Distriktssenteret har fått i oppgåve å arbeide aktivt med dei kommunane som er valt til å vere med, det vil seie å utarbeide eit faglig program og stå for ein del av opplæringa, oppfølginga og den samla rapporteringa.

4.4 Verdiskaping i fjellområda

Departementet vil i 2013 setje i gang ein spesiell innsats for å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. Dette skal skje gjennom samarbeid på tvers av fylkeskommunar og aktuelle nasjonale aktørar. Det blir lagt vekt på kompetanse og nettverk, entreprenørskap og innovasjon. Det er sett av 10 millionar kr på kap. 551, post 60 til dette arbeidet i 2013. Departementet er i dialog med nokre fylkeskommunar om innretninga på midlane. Departementet kjem tilbake med meir informasjon i eit eige brev.

4.5 Andre løyvingar innanfor programkategori 13.50 som fylkeskommunen forvaltar

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Dei aktuelle fylkeskommunane kjem her til å få eit eige tilskotsbrev når den fylkesvise fordelinga er klar. Vi syner elles til omtalen i Prop. 1 S (2012–2013) for Kommunal- og regionaldepartementet.

5 Særskilde satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i verk fleire satsingar der det er viktig med samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, og der satsingane er finansierte andre stader enn kap. 551, post 60.

Innanfor ramma av kap. 552, post 72 blir tildelinga til Næringshageprogrammet auka til totalt 43 millionar kr, medan den samla ramma til Inkubasjon er auka til 35 millionar kr. Dette gjer det mogeleg å styrkje satsinga på innovasjon og nyskaping og å ta opp fleire næringshagar i programmet. Merkur-programmet og utviklings- og investeringsstøtteordninga for daglegvarebutikkar i distriktsområde blir vidareførte på same nivå som 2012, og blir løyvde over kap. 552, post 72.

5.1 Satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) blir vidareført i 2013 med 30 millionar kr over kap. 552, post 62. Satsinga skal styrkje det arbeidet kommunane gjer med å bygge attraktive lokalsamfunn. Dei fylkeskommunane som deltek, skal sende departementet oppdaterte planar og budsjett for 2013 og ein søknad om midlar for 2013 innan 1. mars. Departementet vil tildele midlar til fylkeskommunane ut frå dei kriteria som ligg til grunn for satsinga i statsbudsjettet for 2013 under kap. 551, post 62.

5.2 Bulyst-programmet

Kommunal- og regionaldepartementet starta opp ei satsing under temaet bulyst i 2010, forankra i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. For 2013 er det sett av 35 millionar kr til Bulyst-programmet over kap. 552, post 72. Dette er ein reduksjon på 7 millionar kr frå 2012. 2013 er siste året.

Fylkeskommunane er den viktigaste samarbeidspartnaren for departementet i gjennomføringa av Bulyst-satsinga. Oppfylginga av prosjekta og opplegget for Bulyst 2013 er diskuterte og utvikla i samarbeid med fylkeskommunane og Distriktssenteret.

5.3 Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar

Departementet etablerte i 2012 ei ny tilskotsordning – Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar. Ordninga skal medverke til auka verdiskaping og næringsutvikling i avgrensa landskaps- og identitetsområde med særskilde natur- og kulturverdiar. Lokale og regionale parkar er ein modell for samarbeid om bygdeutvikling og berekraftig bruk av område med viktige natur- og kulturverdiar. Parkane skal fremje heilskapleg stad- og næringsutvikling og levande bygdesamfunn i bygder og bynære område med slike verdiar. I 2013 blei det løyvd 10 millionar kr til ordninga over kap 552, post 72. Dette er det same beløpet som i 2012.

5.4 Initiativ for små og mellomstore byar

Det er løyvd 7,5 millionar kr over kap. 552, post 72 til eit utviklingsprogram for å styrkje små og mellomstore byar som regional utviklingskraft. Programmet skal identifisere kva byane har å seie for næringspotensialet i omlandet og regionen. Dette skal vere grunnlag for å peike ut strategiar og tiltak tilpassa den einskilde regionen. Departementet vil samarbeide om å konkretisere programmet med representantar for dei aktuelle byane, kommunane rundt byane, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Forskringsrådet og SIVA.

5.5 Satsingar under Innovasjon Noreg

Næringsrelevant kompetanse

Departementet har sett av 20 millionar kr over kap. 552, post 72 til å styrkje næringsrelevant utdanning. Innovasjon Noreg får hovudansvaret for tiltaket, som skal utviklast i nært samarbeid med Forskringsrådet, SIVA, fylkeskommunane og andre relevante aktørar. Det blir stilt krav om dialog og samarbeid med næringslivet og relevante fagmiljø.

Gründerservice

Departementet set også av 10 millionar kr over kap. 552, post 72 til utvikling av ei ny, nettbasert interaktiv teneste for gründerar. Innovasjon Noreg får ansvaret for å sikre ei eigna rolledeling med Altinn.no, førstelinetenesta i kommunane og andre relevante aktørar.

5.6 Tilhøvet til Distriktssenteret

I 2013 skal Distriktssenteret halde fram den gode dialogen med fylkeskommunane innanfor verkeområdet. Kontakten skal, som tidlegare, ha eit grunnlag i dei nasjonale satsingane LUK og Bulyst og i dei satsingane regionane sjølve står bak.

I 2013 skal Distriktssenteret saman med fylkeskommunane utvikle den nye satsinga som skal styrkje utviklingsevna til dei minste og svakaste kommunane (jf. 4.3 ovanfor). Distriktssenteret vil òg bli involvert i arbeidet med verdiskapingsprogrammet for lokale

og regionale parkar (jf. omtalen i 5.3) og ha eit ansvar for å samle inn erfaringar og kunnskap frå parkprosjekta.

6 Økonomiforvaltning

Krav og retningsliner for forvaltninga

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over kap. 551, post 60, er i tråd med retningslinene for kap. 551, postane 60 og 61 (vedlegg 3). Fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, skal etablere eit forsvarleg system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Fylkeskommunane skal forvalte midlane etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Det inneber mellom anna at dei sjølve må lage eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarar til måla for regional utvikling og deira eigne plandokument, og som er i tråd med arbeidsmåla innanfor programkategori 13.50.

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunane ansvar for å sende over oppdragsbrev eller avtale/kontrakt til dei ulike tilskotsforvaltarane. Departementet ber om at det blir gjort så snart som råd, slik at tilskotsforvaltarane kan planleggje verksemda si etter dei måla, føringane og rammene som er gjevne. Departementet ber om at alle styringssignal til tilskotsforvaltarane blir gjevne i oppdragsbrevet eller avtalen/kontrakten.

Overføring av midlar

Rammene til fylkeskommunane blir overførte tre gonger i året, rundt 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2012 dersom ikkje fylkeskommunane gjev melding om noko anna.

Kontroll

Departementet og Riksrevisjonen kan når som helst be om innsyn i bruken av midlane.

Forvaltninga skal vere i tråd med *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 6.3.8.1, som seier at forvaltaren skal ha etablert system for internkontroll. Internkontroll er eit formalisert kontrollsystem der kontrollaktivitetar blir utforma, gjennomførte og fylgde opp med basis i vurderingar av risikoen for styringssvikt, feil og manglar i arbeidsprosessane i verksemda. Fylkeskommunane skal i den årlege rapporteringa til departementet opplyse om fylkesrevisjonen har hatt vesentlege merknader eller gjort funn som gjeld verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61, og også opplyse om innhaldet i eventuelle merknader og om korleis dei blir fylgde opp.

7 Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar

Departementet gjev skriftleg tilbakemelding på rapporteringa frå fylkeskommunane.

7.1 Rapportering på gjevne tilsegner og rammer i 2012

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551, postane 60 og 61 blir dels fordelte til andre, dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ei samla og likearta rapportering om all aktivitet (statistikkrapporteringa) som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering på gjevne tilsegner og rammer over kap. 551, post 60 er tilpassa dette. Ein nærare omtale av innhaldet i denne rapporteringa er gjeven i vedlegg 4d.

Både kommunar, regionråd og eventuelle andre forvaltningsorgan skal rapportere om bruken av midlar frå kap. 551, postane 60 og 61 som dei har fått tildelt frå fylkeskommunane, gjennom RF13.50 – www.regionalforvaltning.no. Fylkeskommunane har ansvar for å informere om dette systemet, kvar det kan lastast ned, og kven som kan gje hjelp og sjå til at rapporteringssystemet blir nytta. Fylkeskommunane har ansvar for å kvalitetssikre rapporteringa frå kommunane og regionane før rapporten blir send vidare til departementet.

Kap. 551, postane 60 og 61 er tilskotspostar, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på postane som blir brukt til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Desse kostnadene skal difor registrerast særskilt i rapporteringssystemet på kategori 0800. Administrasjons- og gjennomføringskostnadene skal vere knytte til dei tilsette i fylkeskommunane / tilsette hjå aktørar som har fått ansvar for forvaltning av midlar på postane 60 og 61. Driftskostnader i prosjekt skal ikkje registrerast på denne kategorien.

7.2 Skildrande rapportering for budsjettåret 2013

Rapporteringskrava for den skildrande rapporteringa er presenterte i vedlegg 4a. Fylkeskommunane skal mellom anna rapportere om måloppnåing i høve til eigne mål, om konkrete resultat av prosjektporteføljar og/eller om satsingsområde under dei einskilde måla.

7.3 Rapportering på felles resultat- og effektindikatorar

For å få betre informasjon om resultatata av verkemiddelbruken er det innført rapportering om felles indikatorar. Fylkeskommunen skal rapportere på desse indikatorane ved sluttrapporteringstidspunktet for tiltak og prosjekt som er finansierte over kap. 551, postane 60 og 61. Indikatorane skal tene som grunnlag for

- felles evalueringar (sjå nedanfor).
- Betre mål- og resultatstyring og læring av verkemiddelbruk i fylkeskommunane. Dette bør vere ein del av den skildrande rapporteringa til departementet.
- Meir heilskapleg resultatrapportering til Stortinget.

Resultatrapporteringa gjeld prosjekt som er starta i budsjettåret 2010 eller seinare. Ansvarleg prosjektleiar skal rapportere i resultatskjemaet når prosjektet er avslutta.

Som hovudregel skal 25 prosent av tilskotet haldast tilbake til resultatskjemaet er sendt inn. Rapporteringskrava er nærare omtala i vedlegg 4c.

7.4 Rapportering om transportstøtte (gjeld berre i somme fylke)

Det gjeld eigne reglar for rapportering om transportstøtte. Sjå vedlegga 4b og 4d.

7.5 Rapportering første halvår 2013

Fylkeskommunane skal innan 16. august 2013 sende inn ein rapport om bruken av midlar i første halvår 2013 som grunnlag for rapporteringa frå departementet til Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2014. Denne rapporten skal innehalde ei oversikt over korleis fylkeskommunane har tenkt å disponere rammene i 2013 for kap. 551, postane 60 og 61 på dei ulike aktørane som Innovasjon Noreg, SIVA, fylkeskommunen sjølv og kommunane (kommunale/regionale næringsfond). Rapporten må dessutan gje ei oversikt over dei kommunane/regionane som får tildelt midlar til kommunale næringsfond. Han skal òg innehalde ei oversikt over rammer som det er planar om å disponere til omstilling og grenseregionalt samarbeid under Interreg IVA og ENPI.

7.6 Dialog om evalueringar

Departementet kjem til å gjennomføre evalueringar for å fylgje opp dei langsiktige effektane av verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61. Departementet vil diskutere det tematiske fokuset med fylkeskommunane og relevante fagetatar.

Fylkeskommunane skal også gjennomføre evalueringar av eigne satsingar og program. Evalueringane må tilpassast omfanget av midlar. Departementet skal varslast om evalueringar som er planlagde eller sette i gang, i den årlege rapporteringa, der det også skal informerast om resultat (jf. vedlegg 4a). Vi ber òg om å få oversendt kopi av evalueringar som er offentleg tilgjengelege, når dei ligg føre.

7.7 Fristar i 2013

1. februar	Frist for innsending av rapport for 2012 i RF13.50
1. februar	Frist for innsending av rapport på felles resultat- og effektindikatorar
4. mars	Frist for fylkeskommunane til å sende inn kvalitetssikra rapportar om kommunale og regionale næringsfond
22. mars	Frist for skildrande årsrapport for 2012
10. mai	Frist for rapportering av transportstøtte for 2012 (sjå punkt 7.4)
16. august	Frist for halvårsrapport 2013
16. august	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2014

Fristane gjeld òg for andre aktørar som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen. Dersom rapporteringa går gjennom fylkeskommunen, må fylkeskommunen setje ein frist for dei andre aktørane, slik at han sjølv kan halde fristen til departementet.

Rapporteringsfristane i 2014 kjem til å bli lagde tett opptil dei same datoane.

8 Informasjons- og kommunikasjonsarbeid

Kommunal- og regionaldepartementet vil også i 2013 offentleggjere informasjon om det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane.

9 Avslutning

Eg ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapen om innhaldet i dette brevet, og ynskjer fylkeskommunane og partnerskapen lukke til med utviklingsarbeidet i fylka i 2013!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

VEDLEGG

Vedlegg 1	Fylkesfordeling av kap. 551, post 60 for 2013 (tabell)
Vedlegg 2	Fylkesfordeling av Interreg-midler på sekretariatsfylke for 2013
Vedlegg 3	Retningslinjer for kap. 551, postene 60 og 61
Vedlegg 4a	Krav til skildrande årsrapporter til Kommunal- og regionaldepartementet
Vedlegg 4b	Spesielt om rapportering om transportstøtte
Vedlegg 4c	Krav til rapportering på felles resultatindikatorar
Vedlegg 4d	Krav og rettleiar til statistikkrapporteringa for kap. 551, postene 60 og 61
Vedlegg 4e	Forenkla rettleiing til statistikkrapportering og kategoriregistrering
Vedlegg 5	Rammefordeling for programkategori 13.50 i 2013
Vedlegg 6	Målstruktur for programkategori 13.50

Tilskotsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd>.

Kopi til:

Innovasjon Norge Rogaland	Postboks 8034	4068	STAVANGER
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Fiskeri- og kystdepartementet	Postboks 8118 Dep.	0030	OSLO
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
KS (Kommunesektorens interesse-og arbeidsgiverorganisasjon)	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep.	0030	OSLO
Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Noregs forskingsråd	Postboks 2700 St. Hanshaugen	0131	OSLO
Nærings- og handelsdepartementet	Postboks 8014 Dep	0030	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
SIVA - Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM